

**Møtereferat**  
**Styremøte i Samstyret for Myrkdalen 27/2 2008**

Desse møtte: Arne Bystøl, Leif A. Lirhus, Per Backer, Asbjørn Tveite, Torill Årnot, Jorunn Hirth, Maria Petterson, Gudmund Furu.

**Sak 1:** Søknad om midlar til Landskapsparken for 2008. Søknad gått gjennom med bakgrunn i rapporten, sum 216000 kr. Søknaden er sendt til Fylkesmannen si landbruksavdeling.

**Sak 2:** Frå årsmøtet var det overlevering av protokollar, skriv etc. frå forrige leiar til ny dagleg leiar Jorunn Hirth. Årsmøtereferat og oversyn over nytt styre skal sendast til Brønnøysund-registra. Per Backer tek over kasserarjobben.

**Sak 3:** Trivselstiltak for bygdafolk og hyttefolk. Nokre idear om dette kom fram, og det er stemning for å laga til uformelle samkomer for å få folk til å koma saman. T.d. quizzopplegg og diskusjonsgrupper med litt kaffikos.

**Sak 4:** Nye representantar til styret frå dei ulike laga. Frå FAU: Asbjørn Tveite. Frå Ungdomslaget: Torill Årnot (vara: Geir O. Nesheim). Frå Grunneigarlaget: Kjetil Skjervheim. Frå sau & geitavslaget: Arne Bystøl.

**Sak 5:** Tunnelopninga: Samstyret tek på seg å laga ei markering når Myrkdalstunnelen står ferdig. Dette vil skje i nært samarbeid med Vegvesenet.

**Sak 6:** Samling for Landskapsparkane på Evanger 7/3. Gudmund og Leif Arne reiser. Jorunn vonar ho kan reisa.

**Sak 7:** Logoen som er laga av Annbjørg Backer, skal ein prøva å få trykkja på T-skjorter for salg. Gudmund undersøker.

**Sak 8:** Gudmund skal i møte med LOGOLINK om info-foldaren i mars.

**Sak 9:** Vedtektene skal kopierast og delast ut til alle i styret. Ansv: Gudmund

**Neste møte: torsdag 3. april kl 20.00 i ungdomshuset.**

Møtet slutt kl 21.30

Gudmund  
-referent-